

Hugseliste for turansvarleg

Den praktiske tilrettelegginga av Stikk UT! er i stor grad frivillig. Takk for at nettopp du vil vere turansvarleg for Stikk UT!-turmålet og bidrar til trygge og gode turopplevingar i Volda kommune. For å sikre at alle frivillige som har påtatt seg ansvar for å merke eit turmål merkar på nokon lunde same måte er det utarbeida ei sjekkliste/hugseliste som du bør følgje under tilrettelegginga av turen

	Hugseliste for tursansvarleg <i>Den som er turansvarleg for eit Stikk UT!-turmål skal sørge for at desse punkta er oppfylt</i>	Ja
1.	Stikk UT!-skilt er montert ved starten av løypa <ul style="list-style-type: none"> - Til dømes der stien begynner frå ein parkeringsplass - Dersom det er vanskeleg å finne parkeringsplassen kan ein gjerne sette opp eit ekstra skilt frå hovudvegen som viser veg til parkeringsplassen 	
2.	Stien fram til turmålet er tydelig merka <ul style="list-style-type: none"> - Hugs at skiltinga ikkje er for kjentfolk, men for dei som aldri har gått turen før. - Viktig å tenkje på kva dei som går turen for første gong kan kome til å stusse på. - Typiske plasser kor det kan oppstå usikkerheit er over myrer, gjennom hyttetun, ved elver/bekker, utydelig sti og der stien deler seg. Bruk vegvisarpilene for å markere riktig veg - Spesielt der stien deler seg er det viktig med vegvisarpiler - Skilt og piler kan bli skjult av vegetasjonen når vekstsesongen er i gang. Fest dei slik at dei blir synlege heile sesongen. 	
3.	Postkassa er montert ved turmålet <ul style="list-style-type: none"> - Postkassa skal vere merka med Stikk UT!-klistermerket og kodelapp - Kodelappen bør vere festa på innsida av lokket slik at vør og vind ikkje viskar ut koden - Kodelappen skal innehalde turkoden (to tal og to bokstavar) og årstal (2019) <ul style="list-style-type: none"> - Bruk helst ein svart tusj til dette 	
4.	Turboka ligg i postkassa <ul style="list-style-type: none"> - Skriv gjerne turkoden og årstal (2019) på utsida av boka og på innsida av permen - På ei av dei siste sidene i turboka er det lurt å skrive fylgjande beskjed: - På ei av dei siste sidene i turboka kan det vere lurt å skrive ein beskjed om å sende SMS til turansvarleg når ein har komen til dette punktet i boka slik at turansvarleg får utplassert ei ny bok før den gamle boka er heilt fullskreven. Du kan skrive denne beskjeden: <p style="text-align: center;">«Send SMS til [ditt telefonnummer] med beskjed om at boka er full på [namn på turmål].» Til dømes: «Send SMS til 917 29 469 med beskjed om at boka er full på Helgehornet»</p> 	
5.	Alle gamle Stikk UT!-klistermerke, -kodelappar og -turbøker skal fjernast <ul style="list-style-type: none"> - Dette punktet gjeld berre dersom turen har vore ein Stikk UT!-tur tidlegare. 	
6.	Berre hyggeleg om du som turansvarleg i tillegg vil ta arbeidet med å foliere eit ark med turkoden, namnet på turen og litt info om turen (gjerne frå www.morotur.no) og legge i turkassa, men dette er ikkje eit krav.	

Utstyrsliste/grunnpakke til kvar Stikk UT!-tur:

- | | |
|-----------------------------|----------------------------|
| - 1 postkasse | - 5 x vegvisarpiler |
| - 1 kodelapp | - 3 turbøker |
| - 1 startskilt m/ gradering | - 5 Stikk UT!-klistermerke |

Ved behov for meir utstyr ta kontakt med folkehelsekoordinator i Volda kommune.

Med vennleg helsing

Ulrik Vik Nakken, tlf 917 29 469
Folkehelsekoordinator
Volda kommune